

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/8480-1

Møteplan kontrollutvalet 2019

Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Møteplan for kontrollutvalet 2019:

Måndag	11. februar
Måndag	1. april
Måndag	6. mai
Tysdag	28. mai
Måndag/Tysdag	2. – 3. september
Tysdag	1. oktober
Tysdag	19. november
Måndag	16. desember

Vedlegg:

- Møte- og aktivitetsplan 2019 for kontrollutvalet
- Saksprotokoll FU-sak 91/18

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Møteplan for møta i kontrollutvalet vert sett opp etter å ha teke omsyn til møte i andre politiske fora i fylkeskommunen, og då spesielt fylkestinget sine møte. Møteplan 2019 for fylkesting, fylkesutval og finansutval i tillegg til politikardagar vart vedteke av fylkesutvalet 26. september i FU-sak 91/18. I vedtaket vart det bestemt slik plan for møta i fylkestinget:

- 24. april (Dette tingsetet vert gjennomført dersom det er nok saker)
- 4. – 5. juni
- 8. oktober
- 3. - 4. desember

Det er også viktig å unngå å ha kontrollutvalsmøte same dagane som det er fylkesutvalsmøte.

Det er også lagt opp til felles møtedatoar med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, slik at vi kan gjennomføre fellesmøte dersom utvala finn det føremålstenleg. Dette er grunnen til at dei fleste møte vert måndagsmøte.

Det er utarbeidd ein møte- og aktivitetsplan for kontrollutvalet, som er vedlagt denne saka. Møte- og aktivitetsplanen inneheld andre aktivitetar som utvalet sine medlemmar vanlegvis deltek i, men i denne saka er det møteplanen for kontrollutvalsmøta som skal handsamast.

2. Vurderingar og konsekvensar

Erfaring frå dei seinare år viser at tysdag er ein god møtedag. Måndag er brukt som møtedag for fleire av møta i 2019 – dette for å få felles møtedato med kontrollutvalet i Hordaland fk.

Det er fastlagt tre politikardagar i 2019. Det er lagt opp til å gjennomføre kontrollutvalsmøte dagen etter politikardagane. Det har vore vanleg praksis at medlemmane i kontrollutvalet har deleteke på politikardagane. Oppmøte på politikardagane er teke omsyn til i budsjett for 2019.

Det er for 2019 sett opp 8 møte i kontrollutvalet, eit meir enn i møteplanen for 2018. Det er sjølvstøtt mogeleg for kontrollutvalet å gjennomføre ekstramøte utover møta i møteplanen dersom det skulle dukke opp situasjonar som tilseier behov for det.

3. Konklusjon

Kontrollsjef håper at medlemmane i utvalet, med opplegget som er skissert i denne saka, vil få eit godt grunnlag til å ta det ansvaret og gjennomføre dei kontrolloppgåvene som høyrer inn under vervet som medlem i kontrollutvalet for Sogn og Fjordane fylkeskommune.